



FORSVARSBYGG

ÅRSRAPPORT

20

VI BYGGJER
FORSVARSEVNE
KVAR DAG

18

www.forsvarsbygg.no

INNHALD

KAPITTEL 1

Rapport frå leiaren s. 04

KAPITTEL 2

Introduksjon til verksemda og nøkkeltal s. 08

Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag s. 10

Organisasjon og leining s. 10

Samarbeid med andre s. 11

Måla våre s. 11

Nøkkeltal s. 11

Bygningsmassen s. 11

Organisasjonskart s. 12

KAPITTEL 3

Årets aktivitetar og resultat s. 14

Samla vurdering s. 16

Mål L1 s. 17

Mål L2 s. 18

Mål L3 s. 20

Mål Ø1 s. 21

Mål I1 s. 23

Rapport for ressursbruk s. 25

Bemanningssituasjonen vår s. 26

KAPITTEL 4

Styring og kontroll s. 28

Styringssystem s. 30

Mål- og resultatstyring s. 30

Risikostyring og internkontroll s. 31

Riksrevisjonen s. 32

Integritetsbygging s. 32

Porteføljestyling s. 32

Tryggleik og beredskap s. 32

Informasjonstryggleik s. 32

Inkludering i arbeidslivet s. 32

Dugnad for arbeidskriminalitet s. 32

KAPITTEL 5

Framtidsutsikter s. 34

Mål L1 s. 36

Mål L2 s. 36

Mål L3 s. 37

Mål Ø1 s. 38

Mål I1 s. 38

KAPITTEL 6

Årsrekneskap s. 40

Kommentar frå leiinga til årsrekneskapen for 2018 s. 42

Årsrekneskap med notar s. 43

VI ER DER FORSVAR



RET ER



DEI STORE TALA

9,4

Forsvarsbygg omsette for 9,4 milliardar kroner.

365

Forsvarsbygg hadde 365 aktive investeringsprosjekt i ulike fasar.

680

Forsvarsbygg selde forsvarseigedom for 680 millionar kroner i 2018.

2,9

Totalt har Forsvarsbygg avhenda 2 958 745 kvadratmeter sidan 2001.

39 946

39 946 kvadratmeter vart avhenda i 2018.

4,1

Forsvarsbygg forvaltar ein bygningsmasse på 4 101 161 kvadratmeter.

13 012

Forsvarsbygg forvaltar 13 012 bygg og anlegg i heile landet.

4,1

4,1 millionar menneske besøkte festningane.

1

RAPPORT FRÅ LEIAREN





Vi har sytt for gode leveransar til Forsvaret, og gjennom NATO-øvinga Trident Juncture har vi vist at vi er ein beredskapsorganisasjon som også kan levere godt i krise og krig.

VI BYGGJER FORSVARSEVNE KVAR DAG

GODE RESULTAT MED NY ORGANISASJON

Vi har hatt høg aktivitet gjennom året, og leverer godt på dei fleste av måla våre. Ny organisasjonsstruktur har fått tid til å setje seg, og vi leverer meir tenester med færre ressursar. Anskaffingsmiljøet vårt er samla i eiga avdeling, og vil vere ein viktig ressurs for å hente ut planlagde effektiviseringsvinstar i innkjøpsprosessar og kontraktsforvaltning framover. Justeringar av organisasjonen kan framleis vere nødvendig for å oppnå optimal balanse mellom struktur og effektiv oppgåveløysing.

Innan utgangen av 2020 skal vi effektivisere for ein kvart milliard kroner, for å frigjere midlar til høgare prioriterte oppgåver i forsvarssektoren. I år har vi gjennom ulike effektiviserings- og forbetringstiltak ytterlegare redusert kostnadene våre med 99 millionar kroner, og vi ligg dermed godt an sett opp mot planen.

EIN BEREDSKAPSORGANISASJON

Eigedom, bygg og anlegg (EBA) er ein sentral innsatsfaktor for Forsvaret sine operasjonar, og Forsvarsbygg skal levere godt også i krise og krig. Gjennom den store NATO-øvinga Trident Juncture, og etterfølgjande kommandoplassøving, viste vi at vi er i stand til å støtte Forsvaret og besøkande avdelingar med tilfredsstillande EBA-fasilitetar. Tilbakemeldingane frå Forsvaret var gode, og vi vil ta med oss røynslene inn i planlegginga og gjennomføringa av den neste store øvinga, Cold Response, i 2020.

Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg opna i 2018 ein testtrigg for eksplosjonar. Testtriggen bidreg til eit tryggare Noreg ved å auke forsøkskapasiteten til å teste ut bygningsløysingar, og å validere og utvikle berekningsmetodar. Vi har gjennom året styrkt posisjonen vår som kunnskapsformidlar og rådgevar for sikring av bygg, blant anna gjennom årets sikringskonferanse der vi sette ny deltakarrekord. Vi har også teke del i ein fullskalatest gjennom det internasjonale forsøksamarbeidet SHIELD (Super Heavy Improvised Explosive Loading Demonstration), som gjer at

vi opparbeider oss meir kunnskap om verne-løysingar for både sivile og militære skjermingsverdige objekt.

FORNYING OG AUKA OPERATIV EVNE FOR FORSVARET

Byggjeprosjekt for om lag 3,5 milliardar kroner vart gjennomført i 2018, til avtalt kvalitet og innanfor dei gjevne rammene. Vi ferdigstilte 19 investeringsprosjekt, blant anna nye befalsforlegningar i Rusta leir, vedlikehaldsbygg for nye kampfly og nye forlegningar for befal og verva på Ørland.

Kampflybasen på Ørland er det største investeringsprosjektet vårt nokosinne, og vårt viktigaste byggjeprosjekt, saman med utbygginga av framskoten base for kampfly og nye maritime patruljefly (MPA) på Evenes. På Evenes har vi i løpet av året levert forprosjekt for MPA, som no er til ekstern kvalitetssikring. I 2018 har vi også utarbeidd ein statleg reguleringsplan for Evenes, som skal sendast på høyring første kvartal 2019. Utgreiingsprosessen er gjennomført i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og er den første statlege reguleringsplanen for Forsvaret. Forprosjekt for infrastruktur og vedlikehaldsfasilitetar for Noreg sine nye ubåtar på Håkonsvern er også utarbeidd. Vi har i tillegg jobba strukturert for å kome Forsvarsdepartementet sitt krav om sikring av skjermingsverdige objekt i møte. Som følge av den tryggingsspolitiske situasjonen har vi for heile verksemda auka ressursinnsatsen mot prosjektryggleik, og graderte anskaffingar og informasjonstryggleiksstyring er eit viktig satsingsområde for oss framover.

UTVIKLING OG VERDIBEVARING

Med over 13 000 bygg og anlegg spreidde over heile landet forvaltar vi den største offentlege eigedomsporteføljen i Noreg. Å finne ein god balanse i porteføljen slik at Forsvaret har det dei treng for verksemda si, er den viktigaste oppgåva vår. I 2018 har vi gjennomført vedlikehaldsprosjekt for 456 millionar kroner. Dette kjem i tillegg til leveransar og tenester for om lag 300 millionar kroner til øvinga Trident Juncture. EBA som blir vidareført i den framtidige base-

strukturen til Forsvaret, og som har mykje å seie for den samla operative evna og beredskapen i sektoren, får prioritet. Det er likevel ei utfordring å halde oppe tilstandsgraden på forsvarssektoren sin bygningsmasse.

I 2018 selde vi forsvarseigedom for 680 millionar kroner. Salet av grunnarealet på Flesland i Bergen for 426,5 millionar kroner, er det største salet Forsvarsbygg nokosinne har gjort. I tillegg har vi i løpet av året selt eit vesentleg tal bustader. Sektoren har framleis behov for å kvitte seg med mykje EBA i åra framover for å finansiere fornying i den offensive langtidsplanen fram mot 2020 og for å sikre ein berekraftig økonomi for forsvaret i framtida. Dette vil seie at vi saman med Forsvaret må halde fram å fokusere på utrangering og avhending av eigedomar det ikkje lenger er bruk for.

Den største utfordringa vår er likevel at vi ikkje klarer å produsere opp mot tilgjengelege rammer innanfor investeringsverksemda. Eit resultat av dette er forskyving av ønskt oppstart og ferdigstilling av leveransar til Forsvaret. Vi må derfor, i tett samarbeid med Forsvarsdepartementet og Forsvaret, auke produksjonskapasiteten vår for å kunne levere på investeringsplanen fram mot 2020.

Vi har nok ein gong sett publikumsrekord på festningane, med over 4,1 millionar besøkande. Dette gjer festningane til nokre av dei mest besøkte reisemåla i Noreg. Festningane er frå i år ein del av den ordinære driftsorganisasjonen vår, og vi har starta eit arbeid for å auke verdiskapinga for den enkelte festningen gjennom destinasjons- og forretningsutvikling.

EIN BEREKRAFTIG FORSVARSSEKTOR

Utbygginga av den nye kampflybasen vedkjem rundt halvparten av befolkninga på Ørland, anten det gjeld grunnnerv, innløyising eller støyttiltak. Vi er i rute med dette arbeidet, og i 2018 er vi halvvegs med innløyising og støyisolering av bustader. Ved utløpet av året hadde vi levert 400 bustader tilbakke til huseigar etter gjennomførte støyttiltak. Prosessar knytte til hus og gardsbruk er krevjande for dei det gjeld, og for å bidra til god dialog og tillit har vi eit prosjektkontor utanfor flystasjonen på Brekstad, der ørlendingane kan kome i direkte kontakt med oss.

I 2018 slutta Forsvarsbygg seg til ti strakstiltak i Eigedomssektoren sitt vegkart mot 2050. Dette er eit viktig steg for miljøarbeidet og ansvaret vårt for å redusere energibruken og klimagassutsleppa i sektoren. Gjennom å slutte oss til dei ti strakstiltaka, stadfester vi målsetnaden om ein berekraftig forsvarssektor.

I april nådde vi ein viktig milestolpe i Hjerkinnsprosjektet,

den største og mest omfattande naturrestaureringa i noregshistoria. Regjeringa vedtok ved kongeleg resolusjon å innlemme området i verneområda på Dovrefjell, og dermed skape det største samanhengande høgfjellsøkosystemet i Nord-Europa, som sikrar det unike dyre- og plantelivet som finst der. Resultata vi har oppnådd i prosjektet, er så gode at vi i 2021 kan tilbakeføre det største og mest brukte militære skytefeltet i Sør-Noreg til unik og verna natur.

KONTINUERLEG FORBETRING

Forsvarsbygg har dei siste åra arbeidd med å byggje ein kultur for kontinuerleg forbetring, og vi ser gode resultat i form av meir effektive arbeidsprosessar. I 2018 laga vi eit vegkart for det vidare forbetringsarbeidet fram mot 2021. Digitalisering og bruk av digitale verktøy er ofte ein føresetnad for å gjennomføre ønskte forbetringar, og er derfor ein sentral del av dette.

Forsvarsbygg har levert eit godt økonomisk resultat innanfor ramma av forsvarleg forvaltning og krava sektoren har til haldningar, etikk og leing. I juli vart den nye personvernforordninga (GDPR) til EU sett i kraft. Vi har saman med etaten Forsvarsmateriell etablert eit felles personvernombod, og starta ei intern opplæring av alle tilsette, som vil halde fram i 2019. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen til Forsvarsbygg for 2017.


Vi har i 2018 vist at Forsvarsbygg er ein viktig beredskapsorganisasjon for Forsvaret. I åra som kjem skal vi ytterlegare forsterke denne posisjonen, og samtidig auke produksjons-evna innanfor investeringsverksemda vår. Slik bidreg vi til å byggje forsvarsevne, kvar dag.



Svein Thorbjørn Thoresen
DIREKTØR FORSVARSBYGG

2

INTRODUKSJON
TIL VERKSEMDA
OG HOVUDTAL



STORTINGET



FORSVARSDEPARTEMENTET



FORSVARET



FORSVARSMATERIELL



FORSVARSBYGG



FORSVARETS
FORSKINGS-
INSTITUTT



NASJONAL
TRYGGLEIKS-
STYRESMAKT

Forsvarsbygg er ein etat i forsvarssektoren.

Forsvarsbygg er eit statleg forvaltningsorgan underlagd Forsvarsdepartementet. Vi utviklar, byggjer, driftar og avhendar eigedom for forsvarssektoren.

FORSVARSBYGG SITT SAMFUNNSOPPDRA

Forsvarsbygg byggjer forsvarsevne kvar dag. Vi bidreg til kampkraft og berekraft i forsvarssektoren, ved at Forsvaret har eigedom, bygg og anlegg (EBA) tilpassa behova sine. Vi vel kostnadseffektive løysingar innanfor alle delar av verksemda vår som gjer at vi frigjer ressursar til å styrkje Forsvaret si kjerneverksemd. Rådgeving innan sikring av bygg, kulturminnevern og avhending er også viktige bidrag til å frigjere midlar for å styrkje den operative evna til Forsvaret. Forsvarsbygg sine aktivitetar har ringverknader for innbyggjarar i heile Noreg, både i og utanfor Forsvaret.

Den husleigebaserte forvaltningsmodellen til forsvarssektoren er vedteken av Stortinget, og synleggjer kostnadene for EBA. Det er Forsvarsdepartementet som eig eigedomane i forsvarssektoren, og avgjer korleis desse skal brukast og utviklast. Forsvarsbygg har ansvaret for å utvikle, byggje, vedlikehalde og drifte EBA som forsvarssektoren betaler leige for. Forsvaret er leigetakar og brukar, og prioriterer og stiller krav ut frå behova sine.

VI PLANLEGG, BYGGJER, FORVALTAR OG DRIFTAR

Forsvarsbygg varetek EBA-en til forsvarssektoren. Vi syter for alle oppgåver knytte til utvikling, bygging, utleige, eigedomsforvaltning, drift og vedlikehald. Vi trenar og øver med Forsvaret, slik at vi også har beredskap for å levere i krise og krig.

VI VERNAR OG SIKRAR BYGG OG ANLEGG

Forsvarsbygg sitt nasjonale kompetansesenter for sikring av bygg (NKS) er rådgjevaren forsvarssektoren og staten bruker for vern og sikring av EBA mot eksplosjonsulykker, terrorhandlingar, spionasje, sabotasje og annan kriminalitet. NKS er det leiande miljøet i landet for å utvikle kunnskap og løysingar som bidreg til eit tryggare Noreg.

VI AVHENDAR EIGEDOM

Forsvarsbygg avhendar militære eigedomar som Forsvaret ikkje lenger treng. Avhendinga omfattar alt frå sal til miljøopprydding, tilrettelegging for sivil bruk og prosessen fram til nye eigarar tek over. Dette tilfører midlar til forsvarsbudsjettet og fritrek forsvarssektoren for framtidig drifts- og oppryddingsansvar.

VI TEK VARE PÅ KULTURMINNE OG SKAPER NYTT LIV PÅ HISTORISK GRUNN

Både verna og ikkje-verna bygningsmasse utgjer ein viktig samfunnsmessig ressurs med stort potensial. Den kulturminne-faglege rådgevinga vår bidreg til løysingar for å vareta kulturminneinteresser og sameine verneomsyn med optimal bruksfunksjon. Vi forvaltar og utviklar dei nasjonale festningane, og syter for at desse er tilgjengelege for publikum heile året.

VI TEK VARE PÅ MILJØET

Forsvarsbygg har eit særleg ansvar for miljøutfordringane i forsvarssektoren. Vi har den fremste kompetansen i landet på miljøutfordringar innanfor forureining og støy frå militær aktivitet og øvingar. Stadig meir spesialiserte krav for sektoren blir ivaretekne og oppfylte.

ORGANISASJON OG LEIING

Forsvarsbygg er i dag den største offentlege eigedomsaktøren i Noreg. Vi varetek behova til Forsvaret gjennom planmessig vedlikehald og fornying av den totale eigedomsporteføljen med 13 012 bygg og anlegg, på totalt 4 101 161 kvadratmeter bygningsmasse, fordelt over heile landet. I 2018 omsette vi for 9,4 milliardar kroner. Siden 2001 har vi avhenda nesten 3 millionar kvadratmeter eigedom. Forsvaret ikkje lenger har behov for. I same periode har sal av eigedom gjort at sektoren har fått tilbakeført 5,1 milliardar kroner netto til å styrkje den operative evna til Forsvaret. Vi er til stades der Forsvaret er, i 343 av dei 422 kommunane i landet. Hovudkontoret vårt er i Oslo. Vi har 1312 tilsette fordelt på 1266 årsverk.

Bygge- og rehabiliteringsprosjekta våre spenner breitt frå bustader, forlegningar og kontorbygg til ny kampflybase med støttefunksjonar og infrastruktur. På Ørland er nytt vedlikehaldsbygg for F-35 kampfly på plass, vi har levert fornya bustader på Setermoen og vi er i gang med planlegging av EBA for mottak av nye maritime patruljefly og framskoten base for F-35 kampfly på Evenes. I 2018 hadde vi om lag 365 større og mindre investeringsprosjekt i ulike fasar over heile landet. Vi investerer for i overkant av 2,6 milliardar kroner årleg.

SAMARBEID MED ANDRE

Vi samarbeider tett med andre etatar i sektoren, mellom anna om forskning og utvikling på sikring av EBA. Vi har rammeavtalar med profesjonelle aktørar i EBA-bransjen knytte til byggjeprojekta våre.


MÅLA VÅRE

- L1 Stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap
- L2 Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporteføljen
- L3 God forvaltning av EBA i forsvarssektoren
- Ø1 Målretta og effektiv bruk av midlar
- I1 Kontinuerleg forbetring og effektivisering

For å nå desse måla har vi sett oss fire interne mål i tillegg. Desse måla blir varetekne av etatssjef og blir ikkje rapporterte til Forsvarsdepartementet.

- Miljøriktig planlegging, utvikling, forvaltning og avhending av EBA i forsvarssektoren
- Sikre omdømme, posisjon og gode kunderelasjonar
- Vere ein attraktiv arbeidsplass
- Riktig kompetanse til rett tid: Kapasitet, kompetanse, leingi og kultur.

BYGNINGSMASSEN



Administrasjon- og stabsanlegg	14,2 %
Velferds- og fritidsanlegg	2,9 %
Forlegningar og messer	18,3 %
Bustader	7,1 %
Lager- og vedlikehaldsanlegg	28,4 %
Basisanlegg	1,5 %
Utdannings- og øvingsanlegg	5,8 %
Strids- og forsvarsanlegg	18,6 %
Andre EBA	3,3 %

NØKKELTAL 2014–2018


Tala er indeksregulerte

	2018	2017	2016	2015	2014
Talet på årsverk	1 266	1 228	1 297	1 581	1 556
Samla tildeling post 01-99 (millionar kroner)	7 515	7 350	7 453	6 233	6 052
Utnyttingsgrad post 01-29	106 %	98 %	103 %	102 %	98 %
Sum driftskostnader (millionar kroner)	6 240	5 498	5 883	5 434	5 545
Delen investeringar	44 %	46 %	44 %	40 %	41 %
Lønsdel av driftskostnader	13 %	15 %	16 %	20 %	21 %
Lønskostnader per årsverk (heile tusen)*	646	691	739	696	743
Seld forsvarseigedom for (millionar kroner)	680	717	360	245	312
Investeringsaktivitet i egne bygg og anlegg (millionar kroner)	2 399	2 530	2 678	2 642	2 895
Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet (millionar kroner)**	-215	-344	662	951	839

*I 2016 slutta vi å levere reinhaldstenester til Forsvaret. Snittløn kan difor ikkje samanliknast med tidlegare år.

**Endringa frå 2016 kjem av avvikling av kapitalelement på husleiga til Forsvaret.

ORGANISASJONSKART





3

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT





Forsvarsbygg har utnytta ressursane på ein god måte og nådd effektiviseringskravet. Vi har forseinkingar i enkelte prosjekt i porteføljen, men ser effekt av tiltaka vi har sett i gang for å auke produksjonen. Porteføljen blir framleis ikkje vurdert å vere berekraftig. Vi utviklar beredskapsplanverk som svarer ut Forsvaret sine behov, og har delteke i Forsvaret sine øvingar. Vi har formidla kunnskap om sikring av eigedom, bygg og anlegg til samfunnet og levert gode resultat på miljøvenlege løysingar.

Forsvarsbygg har god måloppnåing på tre av fem mål i 2018. Dette er same resultat som fjoråret.

SAMLA VURDERING

RESSURSBRUK

I 2018 omsette vi for 9,4 milliardar kroner. Dette er ein auke på 0,8 milliardar kroner frå 2017, og skriv seg frå auka sals- og leigeinntekter. Midlane er brukt målretta på eigedom, bygg og anlegg som stør opp om operativ evne og beredskap i Forsvaret. For 2018 har vi hatt ein auke i driftskostnadene på 0,9 millionar kroner, som kjem av auka driftsaktivitet.

Driftskostnadene fordelt etter innsatsfaktor viser at vare- og tenestekjøp utgjorde 70 prosent av dei totale driftskostnadene i 2018. Dette er ein marginal auke frå 2017. Delen av dei samla lønnskostnadene var 12 prosent. Andre kostnader utgjorde 4 prosent, ein liten nedgang frå førre år. Avskrivningane på varige driftsmiddel var på totalt 14 prosent og viser ein liten auke frå 2017.

REKNESKAPEN

Etter kontantprinsippet viser dei økonomiske resultata ei mindreutgift på driftskapitla på 1,9 prosent og ei mindre-utgift på investeringskapitla på 8,4 prosent. Samla sett er dette eit godt resultat. Effektiviseringskrava for 2018 vart innfridde.

MILJØ

Forsvarsbygg har i fleire år arbeidd aktivt for å bidra til eit betre miljø. Kontroll på årleg forbruksvekst og redusert energibruk har i 2018 gjeve ei innsparing på 3,8 prosent eller cirka 23 GWh samanlikna med drift utan energi-økonomiserande tiltak. Effekten er oppnådd gjennom energioppfølging i eksisterande bygg.

Forsvarsbygg har sidan tidleg på 2000-talet arbeidd for å fase ut fossilt brensel til oppvarming av bygningsmasse. Ved utgangen av 2018 er delen fossilt brensel redusert til 2,8 prosent av total energibruk. Delen bruk av fornybar energi aukar gradvis og utgjør 17,8 prosent av total energibruk.

EFFEKT FOR FORSVARSSEKTOREN OG SAMFUNNET

I 2018 ferdigstilte vi 19 investeringsprosjekt av i alt 365 pågåande prosjekt i ulike fasar. Gjennom deltaking i NATO-øvinga Trident Juncture 2018 har vi vist at vi kan støtte Forsvaret i ei eventuell krise og krig.

Vidare etablering av ny kampflybase på Ørland, oppstart av framskoten base for kampfly og nye maritime patruljefly på Evenes, forprosjekt for infrastruktur og vedlikehalds-fasilitetar for Noreg sine nye ubåtar på Haakonsværn var prioriterte prosjekt for å stø opp om operativ evne og beredskap.

Vi har utført vedlikehald på bygningsmassen og prioritert EBA som blir vidareført i den framtidige basestrukturen til Forsvaret, og som har mykje å seie for den samla operative evna og beredskapen i sektoren. Vi bidreg til å skape nytt liv på historisk grunn ved å leggje til rette for aktivitet på dei nasjonale festningsverka. Festningane vart i 2018 besøkte av 4,1 millionar menneske, ein auke på 300 000 frå året før.

Vi avhendar eigedom som Forsvaret ikkje lenger skal bruke. Gjennom sal og miljøsanering bidreg vi til å transformere tidlegare militære eigedomar til ny sivil bruk. Etter at kostnader til riving, sikring og miljøsanering er trekte frå, leverte vi om lag 517 millionar kroner tilbake til forsvarsbudsjetta til bruk for høgare prioriterte føremål i sektoren. Avhending av overflødig eigedom bidreg også til å redusere dei samla driftskostnadene til eigedom, bygg og anlegg som forsvarssektoren har.

At vi er til stades over store delar av landet, gjer oss til ein viktig bidragsytar for både lokal og nasjonal sysselsetjing. Forsvarsbygg har inngått samarbeidsavtale med Skatte-etaten, der føremålet er å utveksle opplysningar som bidreg til at Forsvarsbygg som oppdragsgjevar har leverandørar og underleverandørar som opptre i samsvar med norsk skatte- og avgiftslovgjeving.

Forsvarsbygg har arbeidd vidare med å byggje ein kultur for kontinuerleg forbetring, der digitalisering er eit ledd i forbetringsarbeidet. Målet er å auke kvaliteten på leveransane våre til Forsvaret, redusere kostnader og frigjere ressursar til høgare prioriterte oppgåver i forsvarssektoren.



FORSVARSBYGG SITT MÅLBILETE

- God
- Akseptabel
- Ikkje akseptabel
- Tryggingegradert

LEVERANSAR

L1


Understøtte den operative evna og beredskapen til forsvarssektoren

L2


Langsiktig vidareutvikling av eigedom- porteføljen

L3


God forvaltning av EBA i forsvarssektoren

ØKONOMI

Ø1


Målretta og effektiv bruk av midlar

INTERNE PROSESSAR

I1


Kontinuerleg forbetring og effektivisering

MÅL L1

Støtte opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap

Forsvarsbygg skal stø opp om Forsvaret si operative evne og beredskap i tråd med dei krava som til kvar tid blir stilte gjennom instruksar og retningslinjer for sektoren innanfor området. Det inneber å syte for at støtte frå etaten til Forsvaret si operative evne og beredskap inngår som ein integrert del av verksemdsstyringa til Forsvarsbygg.

Forsvarsbygg skal ha oppdaterte beredskapsplanar og gjennomføre relevante beredskapsførebuingar med grunnlag i definerte oppgåver, slik at etaten har ein fullt ut til fredsstillande beredskap. I tråd med behova i forsvarssektoren, skal Forsvarsbygg aktivt delta i beredskapsøvingar. Det skal vidare gjevast prioritet til aktivitet som stør nasjonal og alliert operativ planlegging, og i tillegg etter oppdrag, stø forsvarssektoren og sivile styresmakter sitt arbeid innanfor tryggleik med vekt på vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg. Forsvarsbygg skal på oppdrag stø Forsvaret og andre etatar med å lage ei heilskapleg oversikt over status for vernetiltak, og å implementere og/eller bidra til å implementere tiltak for deira skjermingsverdige objekt. Vurdering av måloppnåing baserer seg på ei heilskapleg

vurdering av Forsvarsbygg si evne til å løyse oppdrag i tråd med definerte krav.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Delar av rapporteringa på dette målet er tryggleiksgradert. Det er derfor berre eit ugradert utdrag som blir presentert gjennom årsrapporten.

Under førebuinga til og gjennomføringa av NATO-øvinga Trident Juncture fekk Forsvarsbygg prøvd kapasiteten sin til å stø opp om Forsvaret si operative evne også i krisesituasjonar. Røynsler og tilbakemeldingar etter øvinga viser at planverket vårt fungerer slik det er tiltenkt, og at vi har etablert ein struktur som er eigna og føremålstenleg for å vareta rolla vår som beredskapsaktør.

Vi har i løpet av 2018 gjennomført fortifikatoriske kontrollar av prioriterte operative anlegg i samsvar med planen. Objektttryggingsarbeidet er pågåande og blir rapportert tertialvis til Forsvarsdepartementet.

Styring av informasjonstryggleik er ein integrert del av styringssystemet i verksemda, både på strategisk og operativt nivå. På strategisk nivå er risiko- og sårbarheitsanalysar sentrale aktivitetar for å vedlikehalde nødvendig konfidensialitet, integritet og tilgjenge av informasjon. Vi gjennomfører jamleg tryggleiksrevisjonar.

Arbeid med å halde ved lag ein effektiv tryggleikskultur er heile tida ein aktivitet, og vi jobbar kontinuerleg med å sikre tilstrekkeleg fokus og medvit hos leiarar og medarbeidarar i organisasjonen. Innføring i førebyggjande tryggleik er ein del av grunnopplæringa til medarbeidarane, og under Nasjonal tryggleiksmånad gjennomførte vi ei nanolæring for alle medarbeidarar. Forsvarsbygg har i 2018 starta arbeidet med å justere tryggleiksorganisasjon for å leggje til rette for meir effektiv styring av fagområdet.

Ny tryggleikslov frå 2019 krev noko tilpassing av den overordna tryggleiksstyringa i verksemda, og vi har i løpet av året starta arbeidet med å implementere nytt regelverk på tvers av organisasjonen.

Gjennom året har Forsvarsbygg hatt eit godt samarbeid med Forsvaret om leveranseavtarar for styrkeoppbygging.

RESULTATKRAV

L1.1 Beredskap for å stø opp om den operative evna til forsvarssektoren

Forsvarsbygg skal oppfylle krava til styrkestruktur, komplett operativ organisasjonsplan, operativt planverk, hovudplan og einingsplan, og beredskapskrav og klartider.

AMBISJON 2018

Føremålet med parameteren er å kvalitativt måle vår evne til å bidra til forsvarssektoren si operative evne og beredskap.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er rekna for å vere skjermingsverdig.

Styringsparameter L1.1	2018	2017
Beredskap for å stø opp om forsvarssektoren si operative evne	N/A	N/A

L1.2 Evne til å stø opp om objektryggleiken i forsvarssektoren

Vi skal stø Forsvaret og andre etatar i forsvarssektoren for å vareta tryggingslova sine krav til sikring av skjermingsverdige objekt. Det inneber å lage ei heilskapleg oversikt over status for permanente sikringstiltak i etterkant av oppdrag, og å planleggje og etablere ytterlegare sikringstiltak for dei skjermingsverdige objekta verksemda har i samsvar med krava i tryggleikslova.

AMBISJON 2018

Vi skal ha kapasitet og kompetanse til å levere tilstrekkelege tenester på dei oppdraga vi tek mot.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er rekna for å vere skjermingsverdig.

Styringsparameter L1.2	2018	2017
Evne til å stø opp om forsvarssektoren sin objektryggleik	N/A	N/A

MÅL L2

Langsiktig vidareutvikling av egedomsporteføljen

Vi skal stø opp om ei berekraftig og kostnadseffektiv utvikling av Forsvaret ved at egedomsporteføljen er i samsvar med vedteken struktur i IVB LTP 2017–2020. Mot 2020 skal vi effektivisere og tilpasse egedomsporteføljen i tråd med strukturutviklingar i iverksetjingsbrevet.

Det inneber å utarbeide gode planar, gjennomføre kostnads-effektive investeringar og å avhende utrangert EBA inkludert riving og miljøopprydding. Forsvarsbygg skal vere ein god rådgjevar for sektoren i val av EBA-løysingar. Vi skal bidra til å utvikle og tilpasse egedomane til sektoren sine endra behov ved å tilby nøkterne og fleksible løysingar. Måloppnåinga baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg si evne til planlegging, rådgjeving og gjennomføring av vedtekne investerings- og avhendingsprosjekt.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer akseptabelt på målet i 2018.

Vi overleverte 19 byggjeprojekt til Forsvaret i løpet av året, og ferdigstilte 57 avgjerdsgrunnlag, med ein samla kostnadsverdi på 9,4 milliardar kroner. Forsvarsbygg har forseinkingar i enkelte prosjekt i porteføljen, og har sett i gang tiltak for å auke produksjonen. Vi har auka grunnbemanninga og innleige av ressursar, omorganisert seksjonen for tidlegfase, samla og gruppert prosjekt i program og betra risikostyringa på porteføljenivå. Tiltaka har gjeve effekt, og vil gjere oss i stand til å levere betre i åra framover.

På plan- og rådgjevarsida har vi støtta Forsvarsdepartementet og Forsvaret med vurderingar knytte til alliert øving og trening i Indre Troms og utgreiing knytt til EBA-behov på Rena og Indre Troms. Vi leverte grunnlagsdokumentet til heilskapleg EBA-plan, og er no i gang med vidareutviklinga av denne. Vi er også i gang med å utarbeide ein mogleighetsstudie for garnison Porsanger, og har utarbeidd leirplanar for Rygge, Værnes, Haakonvern og Lutvann.

Forsvarsbygg har eit ansvar for at Forsvaret sine arealbruksinteresser blir varetekne i sivil arealplanlegging. I tillegg til at vi har behandla eit stort tal reguleringsplanar og nabo-varsel, handterte vi i 2018 om lag 600 innkomande sivile arealplansaker, medrekna kommuneplanar, vindkraftsaker og verneplanar.

INVESTERINGSPROSJEKT: ØRLAND OG EVENES

Kampflybasen på Ørland er vårt største utviklingsprosjekt nokosinne. Ny kampflybase på Ørland har stått for den største delen av omsetninga, der vi i all hovudsak er i rute med utbygginga. I 2018 ferdigstilte og overleverte vi blant anna vedlikehaldsbygget for nye kampfly og nye befalskvarter til Forsvaret.

Vi har arbeidd aktivt med innløysingsaker og støyreduserande tiltak på Ørlandet i løpet av året. I raud støysone er 102 av 176 bustader løyste inn. I landbruket er det forhandla med 22 av 33 gardbrukarar. I gul støysone har vi synfart 1259 bustader, og 748 rapportar er utarbeidde. Ved utgangen av 2018 var 344 bustader i prosess, og det er gjennomført støyreduserande tiltak på 400 bustader. Støytiltak på feriebusstader skal også gjennomførast. Vi prioriterer god oppfølging og informasjon til dei ramma, høgt.

På Evenes er vi godt i gang med planlegginga av EBA for mottak av nye maritime patruljefly (MPA) og framskoten base for nye kampfly. Vi har overlevert forprosjekt for MPA til Forsvarsdepartementet, og det går føre seg ekstern kvalitets-sikring. I 2018 har vi også utarbeidd ein statleg reguleringsplan for Evenes, som skal sendast på høyring første kvartal 2019. Utgreiingsprosessen er gjennomført i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), og er den første statlege reguleringsplanen for Forsvaret.

INVESTERINGSPROSJEKT: UBÅT

Vi leverte forprosjekt for EBA-prosjektet til nye ubåtar i 2018. Haakonvern skal ta imot nye ubåtar frå 2025/2026, og før dei nye ubåtane kjem, skal EBA-fasilitetar vere operative.

INVESTERINGSPROSJEKT: SKJERMINGSVERDIGE OBJEKTET (SVO)

Forsvarsbygg prioriterer sikring av skjermingsverdige objekt (SVO). I 2018 har vi arbeidd strukturert for å kome krava frå Forsvarsdepartementet i møte.

INVESTERINGSPROSJEKT: ENØK OG UTFASING AV FOSSILT BRENSSEL

Forsvarsbygg har sidan tidleg på 2000-talet jobba med å fase ut bruk av fossilt brensel til oppvarming av bygg og anlegg til fordel for meir miljøvenlege løysingar. I 2018 har vi sett i drift sju nye anlegg, som bidreg til redusert forbruk av fossil fyringsolje. Vi har i all hovudsak nådd produksjonsmålet for 2018, men vil ikkje nå målsetnaden om å fase ut all mineralolje til oppvarming innan 1. januar 2020. Dette kjem av at det blant anna er store oppgraderingsbehov på infrastruktur på Rygge, Haakonvern, Værnes og Evenes. Vi planlegg å vere ferdige innan utgangen av 2021.

ANDRE INVESTERINGSPROSJEKT

Forsvarsbygg handterer ein stor portefølje med investe-

ringsprosjekt med varierende storleik og kompleksitet.

Investeringsporteføljen bestod av om lag 365 prosjekt i 2018. Vi ser at standardiserte løysingar får ned kostnadene i prosjekta, men at kompleksitet og tryggleikskrav dreg opp kostnadene i andre prosjekt.

Planlagt komponentutskifting er gjennomført, og er eit viktig tiltak for å halde oppe verdiane i porteføljen. Ramma var i 2018 på 190 millionar kroner, og gjennomføringsgraden var på 93 prosent.

Den tryggingpolitiske situasjonen har medført at vi for heile verksemda har auka ressursinnsatsen mot prosjekttryggleik, graderte anskaffingar og prosjekttryggleiksstyring. Behovet er aukande, og er derfor eit viktig satsingsområde framover.

AVHENDINGSPROSJEKT

Avhendingsverksemda har levert eit godt resultat i 2018. Vi har selt EBA som Forsvaret ikkje lenger har behov for, for totalt 680 millionar kroner, der sal av grunnarealet på Flesland flyplass til Avinor stod for den klart største inntekta. Om lag 25 prosent av inntekta vart brukt til å finansiere rive-, sanerings- og oppryddingsprosjekt. I den komande fireårsperioden ser vi at salsinntekta vil falle markant grunna lågare uttrangering og færre salsobjekt med høg salsverdi.

RESULTATKRAV

SP L2.1 Effekt av komponentutskifting

Føremålet med styringsparameteren er å måle at effekten av komponentutskifting i bygg og anlegg i sektoren gjev betra teknisk tilstandsgrad på ein kostnadseffektiv måte.

AMBISJON 2018

Under 150 kroner i gjennomsnittskostnad/kvadratmeter per 0,01 forbetra teknisk tilstandsgrad for alle bygg, der det er gjennomført komponentutskiftingstiltak.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter L2.1	2018	2017
Gjennomsnittskostnad/kvadratmeter per 0,01 forbetra teknisk tilstandsgrad	88 kr/kvm	127 kr/kvm

SP L2.2 Uvissestyring investering P50

Føremålet er å måle at det er tilstrekkeleg samsvar mellom utrekna sannsyn for prosjektkostnad og verkeleg prosjektkostnad (sluttkostnad), og om det er tilstrekkeleg kontroll med uvissestyringa i prosjekta.

AMBISJON 2018

Forsvarsbygg skal ha ei god berekna uvissestyreing. Prosentdelen av ferdigstilte prosjekt, som er gjennomført

innanfor opprinneleg P50 i forprosjektet, skal liggje mellom 45 og 55 prosent.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter L2.2	2018	2017
Prosentdelen av ferdigstilte prosjekt som er gjennomført innanfor opprinneleg P50 i forprosjektet	58 %	47 %

SP L2.3 Investeringskostnader per kvm

Forsvarsbygg skal planleggje og ferdigstille bygg med nøktern standard og tilfredsstillande kvalitet til riktig kostnad.

AMBISJON 2018

Redusere kostnadene med 3 prosent (5 prosent innan 2020).

RESULTAT 2018

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter L2.3	2018	2017
Kostnadene i investeringsprosjekta skal reduserast for definerte byggkategoriar	-3 %	8 % (berre eitt prosjekt i utvalet)

Blir målt i forhold til beste praksis (eigne referanseprisar) på tidlegare gjennomførte investeringsprosjekt.

SP L2.4 Delen generelle kostnader

Vurdering av gjennomsnittleg kostnad for gjennomføringskostnader i dei terminerte prosjekta samla og rapportere dei som del av totalkostnaden i investeringsprosjekta basert på kostnadsoppstilling i samsvar med Norsk Standard (NS3451).

AMBISJON 2018

Generelle kostnader skal ikkje overstige 19 prosent av totale prosjektkostnader.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga er ikkje akseptabel.

Styringsparameter L2.4	2018	2017
Generelle kostnader skal ikkje overstige 19 prosent av totale prosjektkostnader.	24 %	21 %

SP L2.5 Utfasing av fossil olje innan 2020

Måleparameteren er kubikkmeter fossil fyringsolje forbrukt i forsvarssektoren per kalenderår. Estimert forbruk i 2015 var 3 840 kubikkmeter. All bruk av fossil fyringsolje skal vere utfasa innan 1. januar 2020. Fossil fyringsolje til grunnlast skal vere utfasa innan 31. desember 2018.

AMBISJON 2018

Forbruket skal reduserast til 2 000 kubikkmeter innkjøpt mengd fossil fyringsolje.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter L2.5	2018	2017
Reduksjon av fossil fyringsolje	2050 m ³	2514 m ³

MÅL L3

God forvaltning av EBA i forsvarssektoren

Vi varetek verdiane i egedomsporteføljen. Dette vil seie å halde ved lag bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi, med prioritet på bruksverdi for Forsvaret. Det overordna målet for egedomsforvaltninga er at all ressursbruk skal resultere i funksjonell EBA som tilfredsstillar brukarane sine behov innanfor best mogleg totaløkonomi i forsvarssektoren.

Mot 2020 skal vi sikre berekraftig og kostnadseffektiv varetaking av EBA i forsvarssektoren gjennom ei langsiktig verdi-bevarande forvaltning av egedomsporteføljen. Ressursinnsatsen skal sikre å vareta lovpålagde krav for heile porteføljen, og prioriterast mot bruksverdi på basar som skal vidareførast. Vi skal gje råd, utarbeide planar og gjennomføre tiltak som sikrar optimal ressursutnytting. Vurdering av måloppnåing baserer seg på ei heilskapleg vurdering av evna vår til planlegging, rådgjeving og gjennomføring av tiltak som sikrar optimal ressursutnytting for at bruksverdi for forsvarssektoren blir halden ved lag og at lovpålagde krav er varetekne.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer godt på målet i 2018.

Forsvarsbygg prioriterer tilgjengelege vedlikehaldsmidlar til operativ EBA. I 2018 har vi gjennomført vedlikehald på EBA-porteføljen for om lag 0,5 milliardar kroner. 75 prosent av midlane har gått til planlagde vedlikehaldstiltak. Året har vore prega av ein større del ikkje planlagde tiltak som følgje av hendingar som dukka opp og store leveransar til NATO-øvinga Trident Juncture. Vi har gjennom omprioriteringar utnytta ressursane optimalt. Vi har gjennomført tilstandsregistreringar som planlagt i 2018. Alle tilstandsgradar er oppdaterte etter gjennomførte vedlikehaldstiltak. Tilstandsgraden har hatt ei negativ utvikling dei seinare åra, og vi forventar inga forbetring av tilstanden på porteføljenivå for 2019. Alderen på dagens EBA gjer at vi dei neste ti åra står framfor eit stort behov for fornying.

ÅLMENN VERNEPLIKT

Forsvarsbygg har også i 2018 hatt stort fokus på å leggje til rette for ålmenn verneplikt innanfor tildelte rammer på 10 millionar kroner. Tildelte midlar har i år gjeve tre kasernar

på Haakonvern, Porsangmoen og Sørreisa nye dusj- og toalettløsningar, medan det på Setermoen vart utplassert fleire toalett i skytefelt. Vi har i samarbeid med Forsvaret prioritert og planlagt tiltak for 2019.

FESTNINGANE

4,1 millionar menneske besøkte festningane i 2018. Dette er ny publikumsrekord, og gjer festningane våre til nokre av dei mest besøkte reisemåla i Noreg. Vi har eit mål om å auke verdiskapinga på den enkelte festninga for å oppnå større grad av sjølvfinansiering. 1. mai 2018 integrerte vi derfor festningane i den ordinære driftsorganisasjonen vår, samtidig som vi jobbar med forretnings- og destinasjonsutvikling av den enkelte festningen.

ENERGI

Energileiing består av tekniske tiltak, energioppfølging på drift av tekniske system, og rådgjeving om brukaråttferd, som bidreg til lågare energibruk. Resultata for året viser at forsvarssektoren har redusert energibruken med 3,8 prosent, samanlikna med den forventa utviklinga utan energioekonomiserande tiltak. Dette tilsvarer om lag 23 GWh. Utviklinga i energibransjen viser at effektleddet i nettleiga utgjør ein stadig større del av energikostnadene. Dette fører til at nettkostnadene inklusive avgifter er omtrent på same nivå som energikostnadene. I 2018 starta vi derfor ei konseptutgreiing for å vurdere potensialet for reduksjon av nettkostnadene.

TELELOSI

Telelosji inneber alle former for plassering av elektronisk utstyr for kommunikasjon eller distribusjon av data og telekommunikasjon, og radio/TV-signal frå kommersielle aktørar på Forsvaret sine eigedomar. Forsvarsdepartementet har utarbeidd nye føringar ved behandling av søknader om telelosji. I 2018 har vi revidert og inngått nye avtalar med sivile leverandørar av data- og telekommunikasjon.

RESULTATKRAV

L3.1 Gjennomføre planmessig vedlikehald

Parameteren måler kor stor del av vedlikehaldsmidlar som er nytta til planlagt vedlikehald i forhold til totalt tilgjengeleg vedlikehaldsmidlar (rekneskapstal).

AMBISJON 2018

Vi skal sikre at minimum 80 prosent av dei totale vedlikehaldsinntektene i husleiga går til planlagt vedlikehald av bygg og anlegg.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter L3.1	2018	2017	2016
Delen gjennomført planmessig vedlikehald	75 %	82 %	94 %

Tala for 2016 hadde eit anna berekningsgrunnlag enn 2017. Resultata var likevel betre enn ambisjonen.

L3.2 Effektiv EBA-utnytting i sektoren

Parameteren måler kor stor del av den totale bygg- og anleggsporeteføljen som ikkje er utleigd i forhold til total forvalta portefølje.

AMBISJON 2018

Vi skal følgje opp at dei bygga, eigedomane og anlegga som sektoren disponerer, i så stor grad som mogleg er i bruk – eller blir raskt avhenda. Kravet er mindre enn 4,5 prosent.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter L3.2	2018	2017	2016
Totalt areal som ikkje kan leigast ut 2017	5,1 %	5,6 %	8,5 %

*Blir berekna slik: Talet på kvadratmeter forvalta utan leigeinntekter/ total tal kvm forvalta i sektoren * 100 prosent.*

MÅL Ø1

Målretta og effektiv bruk av midlar

Forsvarsbygg skal ha god økonomistyring i eit årleg og fleirårig perspektiv slik at tildelte midlar blir brukte nøkternt og effektivt i tråd med føresetnadene i IVB LTP2017–2020. Forsvarsbygg skal optimalisere drifta og syte for best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, basert på nøktern framferd i eit heilskapleg perspektiv. Forsvarsbygg skal ha oversikt over konsekvensane av budsjettbalansierende tiltak og kome med forslag til tiltak og prioriteringar, medrekna om tiltaka er mellombelse eller varige. Forsvarsbygg skal bidra med effektiviseringstiltak og syte for å ta ut sin del av vinstpotensialet som eit ledd i å finansiere langtidsplanen for forsvarssektoren. Vurderinga av måloppnåing baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg sitt økonomiske resultat og samla leveransar. God styring og kontroll og evna til å oppnå forventa årsresultat skal leggjast vekt på i vurderinga.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer godt på målet i 2018.

Forsvarsbygg leverer rekneskap etter to finansielle rammer: Kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen, og

periodisert verksemdsrekneskap etter statlege rekneskapsstandardar (SRS). Måloppnåinga i Forsvarsbygg er basert på kontantrekneskapen, og er delt inn i styringsparametrar for årsresultat på drift og årsresultat på investering og avhending.

Den periodiserte verksemdsrekneskapen for 2018 viser eit overskot på 541 millionar kroner, som er noko høgare enn budsjett. Hovuddelen av driftsresultatet gjeld nettoresultat knytt til sal av eigedomar, bygg og anlegg.

Driftsutgiftene til Forsvarsbygg var i 2018 høgare enn driftsinntektene, og årsresultatet enda med ei meirutgift på 215 millionar kroner. Dette er 81 millionar kroner betre enn tillaten meirutgift på 296 millionar kroner for 2018, og måloppnåinga til Forsvarsbygg for årsresultatet på drift er god.

Måloppnåinga for årsresultat på investering og avhending er sett saman av tre postar: Utgifter til investeringar, kampflybaseprosjektet på Ørland og inntekter på avhending (netto sal av eigedom, bygg og anlegg) gjennom året. Forsvarsbygg hadde ei mindreutgift på investeringar i 2018, som i hovudsak blir forklart av forseinkingar og periodiseringsavvik. Dette kjem av forhold vi i liten grad har kunna påverke. Vi vurderer derfor måloppnåinga som god, sjølv om mindreutgifta ikkje er innanfor målkravet. Ubrukte midlar blir overførte til 2019. Kampflybaseprosjektet har levert i samsvar med tilgjengelege rammer, der Ørland har hatt den største delen av omsetninga, og er innanfor målkravet. Nettoresultatet i avhendingsverksemda for sal av eigedom, bygg og anlegg var i 2018 innanfor målkravet. Samla mindreutgift utgjer 255 millionar kroner, og mål-oppnåinga for dei tre postane er derfor ikkje akseptabel.

Forsvarsbygg må, som leverandør i forsvarssektoren, kontinuerleg tilpasse tenestene og kostnadene våre til etterspurnaden frå Forsvaret og andre kundar og oppdragsgjevarar. Forsvarsbygg har derfor høgt fokus på forbettrings- og effektiviseringstiltak. Innan utgangen av langtidsperioden 2017–2020 er Forsvarsbygg gjeve eit krav om å effektivisere for til saman 253,7 millionar kroner i årlege innsparingar. Forsvarsbygg har halde fram arbeidet med identifiserte tiltak i programmet for vinstrealisering, som vi etablerte i 2017. Programmet vart oppretta for å koordinere og målrette innsatsen som skal sikre at effektiviseringsvinsten blir oppnådd. Realiserte vinstar skal vere varige og kunne omprioriterast til høgare prioriterte føremål i forsvarssektoren. For 2018 har Forsvarsbygg levert godt over målkravet til effektivisering.

RESULTATKRAV

Ø1.1 Årsresultat drift (kontantrekneskap)

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar

ved å måle prosentvis avvik mellom tildeling og forventet forbruk innanfor drift.

AMBISJON 2018

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik 2 prosent.

RESULTAT 2018

Måloppnåing for driftsløyvinga er god.

Styringsparameter Ø1.1	2018	2017
Kapittel 1710/4710, post 01		
– Forsvarsbygg sitt driftskapittel	1,91 %	0,3 %

Ø1.2 Årsresultat investering og avhending (kontantrekneskap)

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle avvik mellom tildeling og inntektskrav sett opp mot forventet forbruk innanfor drift og avhendingsinntekter.

AMBISJON 2018

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik 2 prosent.

RESULTAT 2018

Måloppnåing er samla sett vurdert til ikkje akseptabel.

Styringsparameter Ø1.1	2018	2017
Kapittel 4710, post 47	0,15 %	-0,1 %
– Sal av eigedom bygg og anlegg		
Kapittel 1710, post 45 – Innreiing*	IA	20,5 %
Kapittel 1710, post 47 – Nybygg og anlegg	11,23 %	4,5 %
Kapittel 1761, post 47 – Kampflybase	0,39 %	2,99 %
Samla tildeling	8,37 %	9,99 %

*Kapittel 1710 post 45 er inkludert i 1710/47 frå og med 2018

Ø1.3 Vinstrealisering

Forsvarsbygg skal frigjere minimum 253,7 millionar 2016-kroner i perioden 2017–2020, gjennom tiltak knytte til effektivisering, i tråd med årlege resultatkrav.

AMBISJON 2018

Forsvarsbygg skal frigjere minimum 60 millionar kroner ved utgangen av 2018.

RESULTAT 2018

Måloppnåing for driftsløyvinga er god.

Styringsparameter Ø1.3	2018 (akkumulert)	2017
Drift	49 mill.	7,7 mill.
Investering	50 mill.	47,6 mill.
Samla vinst	99 mill.	55,3 mill.

MÅL 11

Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Vi skal ved systematisk og kontinuerleg forbetningsarbeid leggje opp til effektivisering i alle ledd i verksemda og medverke til effektivisering i andre delar av forsvarssektoren. Fram mot 2020 skal vedtekne effektiviseringstiltak gjennomførast og det skal etablerast ei systematisk tilnærming til kontinuerleg forbetring basert på felles metodikk for sektoren. I arbeidet med kontinuerleg forbetring og effektivisering skal det spesielt leggjast vekt på å vidareutvikle standardiserte løysingar og effektive leiings-, stabs-, og støtteprosessar. Vi skal etablere og utøve kontinuerleg forbetring basert på ei systematisk og heilskapleg tilnærming i eit sektorperspektiv. Realisering av igangsette og identifisering av nye effektiviseringstiltak skal leggjast vekt på.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer godt på målet i 2018.

Forsvarsbygg har i 2018 arbeidd vidare med å byggje ein kultur for kontinuerleg forbetring. Vi har teke i bruk Lean-metodikk til dette arbeidet, gjennom eit internt program kalla Flyt. Vi har i løpet av året gjennomført fleire kurs for nye Flyt-ambassadørar. Vi har vidareført lokale initiativ i den enkelte avdelinga og seksjonen, for å forsterke den ønskete kulturen der alle tilsette jobbar kontinuerleg for å forbetre oppgåvene og prosessane sine. Effekten har vore forbetringar i mange av arbeidsprosessane våre. Det også vore gjort eit felles arbeid med å etablere ein struktur for å identifisere forbetningsområde, og følge opp gjennomføringa av desse. Vi har blant anna etablert ein digital forslagskasse, eit felles verktøy for synleggjering av pågåande og gjennomført aktivitet, og ein eigen struktur for rapportering på vinstrealisering.

I haust gjennomførte vi ei vurdering av lean-modenheit i organisasjonen. Denne viste at mykje er gjort i verksemda vår dei seinare åra, men at det samtidig er svært mykje som står att før vi er på ønskt nivå. Som eit element i modenheits-vurderinga, sette vi oss også ein ambisjon for vidare utvikling, og utarbeidde eit vegkart for vidare implementering. Tiltaka blir gjennomførte frå 2019.

Forsvarsbygg ser digitalisering i samanheng med kontinuerleg forbetring. Digitalisering og bruk av digitale verktøy er ofte ein føresetnad for å gjennomføre ønskete forbetringar. Forsvarsbygg har etablert eit internt nettverk som arbeider med innovasjon og digitalisering. Fleire digitaliserings-initiativ er sette i gang innanfor investering, forvaltning og

støtteprosessar. Forsvarsbygg har bidrege i arbeidet med å lage digitaliseringsstrategi for forsvarssektoren, og samarbeider med Forsvarsdepartementet, Forsvaret, Forvarets forskingsinstitutt og Forsvarsmateriell om å identifisere relevante prosjekt. Vi har også hatt dialog om digitalisering med andre offentlege og private verksemdar.

RESULTATKRAV

SP 11.1 Kontinuerleg forbetring

Resultatet blir vurdert etter evne til å identifisere nye forbetnings-tiltak, gjennomføre vedtekne tiltak og stø opp om og leggje til rette for vedtekne effektiviseringstiltak i andre delar av forsvarssektoren. Medrekna også å bidra til å identifisere nye effektiviseringstiltak i andre delar av sektoren. Det inneber også ei tydeleg og kompetent leiing og styring, leiarforankring og formidling av arbeidet med vinstrealisering og effektivisering.

AMBISJON 2018

Parameteren skal ha god måloppnåing.

RESULTAT 2018

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter SP 11.1	2018
Kontinuerleg forbetring	God



I 2018 hadde Forsvarsbygg ei brutto omsetning på 9,4 milliardar kroner og et driftsresultat av aktivitetane i perioden på 0,5 milliardar kroner.

UTGREIING FOR RESSURSBruk

Driftsresultat består i hovudsak av resultatkrav knytte til netto avhendingsinntekter som vi i heilskap tilbakefører til Forsvarsdepartementet.

DRIFTSKOSTNADER

Dei totale driftskostnadene for 2018 var 8 892 millionar kroner. Dette er ein auke på 1 148 millionar kroner frå 2017, og kjem først og fremst av auka driftsaktivitet. Vi har i samarbeid med Forsvaret prioritert og planlagt tiltak for 2019. Vi har i 2018 gjennomført investeringar på eigedom bygg og anlegg for totalt 2 650 millionar kroner, som blir balanseført.

TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER INNSATSAKTOR

Driftskostnadene fordelt etter innsatsfaktor viser at vare- og tenestekjøp utgjorde 70 prosent av dei totale driftskostnadene i 2018. Dette er ein marginal auke frå 2017. Delen av dei samla lønnskostnadene var 12 prosent. Andre kostnader utgjorde 4 prosent, ein liten nedgang frå førre år. Avskrivingane på varige driftsmiddel var på totalt 14 prosent og viser ein liten auke frå 2017.

TOTALT VARE- OG TENESTEKJØP FORDELT PÅ KONTONIVÅ

Det er i 2018 utgiftsført kostnader på vare- og tenestekjøp for totalt 6 263 millionar, av desse er 2 367 millionar balanseført. Vidare klassifisering av type varekjøp viser at 84 prosent av varekjøp var knytt til framandtying og under-entreprise, 9 prosent til gjennomstrøymingskostnader og 7 prosent til direkte kostnader på drift, der innleige utgjør 53 prosent av desse. Alle vare- og tenestekjøp blir bokførte direkte på prosjektet i dei ulike produktområda.

TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER PRODUKTOMRÅDE

Totale driftskostnader har hatt ein auke på 10 prosent frå 2017, fordelt på dei ulike produktområda. Totalt er det nytta 3 535 millionar kroner til drift- og investeringsløyvingar i 2018, ein nedgang på 104 millionar frå 2017. Oppdragsfinansierte kostnader har hatt ein auke på 88 millionar kroner, som følge av høgare oppdragsmengd utanfor sektoren. Totale kostnader knytte til husleigeavtalane for 2018 er på 2 627 millionar kroner. Dette er ein liten auke frå 2017, og kan i hovudsak knytast til høgare avskrivingskostnader.

I driftsåret 2018 har vi nytta 990 millionar til forvaltning, drift og vedlikehald og utviklingskostnader av EBA.

Forsyningskostnader utgjorde 10 prosent av dei totale kostnadene, og består i hovudsak av gjennomstrøymingskostnader, ein auke på 20 prosent frå 2017. Tilleggstenester utgjorde 14 prosent av dei totale kostnadene, og har den største endringa frå 2017 med 40 prosent auke. Delar av auken for forsyning og tilleggstenester skriv seg frå auka tilleggsleveransar i samband med øvinga Trident Juncture 2018. Totale driftskostnader forbundne med avhending utgjør 200 millionar kroner, ei endring på 285 millionar kroner frå 2017. Årsaka til endringa er nedskrivingar av selt EBA i 2017. Driftskostnader forbundne med bustad og kvarter har mindre endringar samanlikna med tidlegare år og er i hovudsak relatert til gjennomstrøymingskostnader.

BEMANNINGSSITUASJONEN TIL VERKSEMDA

ÅRSVERKSUTVIKLING

Ved utgangen av 2018 var det totalt 1 312 tilsette og 1 266 årsverk i Forsvarsbygg. Dette er ein auke på 3,1 prosent frå 2017, og kjem av auka oppdragsmengd. Av dei fast tilsette er 98,7 prosent sivile og 1,3 prosent militære. Av den totale arbeidsstokken er 5,1 prosent mellombelse stillingar, som i 2017. Forsvarsbygg ligg godt innanfor landsgjennomsnittet på 8,7 prosent i 2018 innanfor alle næringar. Vi ligg også under snittet for næring «offentleg administrasjon, forsvar og sosialforsikring» på 5,6 prosent. Mellombels tilsette (utan pensjonistar og timelønne) er 3,2 prosent i 2018, ein nedgang på 3,6 prosent frå fjoråret. Vi hadde ein turnover på 9,0, mot 9,6 prosent i 2017.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i Forsvarsbygg enda i 2018 på 4,4 prosent, noko som er ein reduksjon frå fjoråret på 4,6 prosent. Måltalet for sjukefråvær i Forsvarsbygg i 2018 var 5 prosent eller lågare.


Dei fire siste åra har Forsvarsbygg hatt ein stabil nedgang i sjukefråværet for kvart år, trass i fleire store omstillingar i same periode. Vi har jobba systematisk over tid med å utvikle gode sjukefråværsrutinar, og med opplæring av leiarar i fråværsoppfølging, spesielt gjennom Forsvarsbygg sitt skreddarsydde kurs i helse, miljø og sikkerheit.

TALET PÅ TILSETTE

● Talet på tilsette

● Årsverk, inkludert pensjonistar, sjukevikarar og timelønne


Ved utgangen av 2018 hadde Forsvarsbygg 1312 tilsette fordelt på 1266 årsverk.




	2018	2017	2016	2015	2014
Talet på tilsette	1312	1266	1372	1745	1724
Årsverk	1266	1228	1297	1581	1556

TOTALE DRIFTSKOSTNADER I PERIODEN 2015–2018


TAL I TUSEN



TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER INNSATSAKTØR




TOTALE VAREKJØP FORDELT PÅ KONTONIVÅ



TOTALE KOSTNADER PER PRODUKTOMRÅDE

BRUTTOTAL INKLUDERT AVSKRIVINGSKOSTNADER EBA OG AUU


TAL I TUSEN



4

STYRING OG KONTROLL





Digitale løysingar endrar måten vi jobbar og samhandlar på. Dette påverkar måten Forsvarsbygg planlegg og gjennomfører samfunnsoppdraget sitt på. Ein kultur for kontinuerleg forbetring er navet i arbeidet med å sikre effektive prosessar med høg kvalitet, styring og kontroll. Vi ser på korleis verksemdsstyringa bør vidareutviklast for at vi skal levere EBA-løysingar som svarer ut dei operative behova Forsvaret har.

Vi har god styring og kontroll på verksemda. Velfungerande økonomistyring er vesentleg for at vi handterer desse utfordringane, samtidig som vi effektiviserer verksemda. Mål-, resultat- og risikostyring blir tilpassa verksemda sin eigenart og dei strategiske satsingsområda. Vi er prega av eit aukande engasjement og forståing for verdien av kontinuerleg forbetring. Røynsler frå øvinga Trident Juncture viser dessutan at vi er innretta for å planleggje og gjennomføre øvingar saman med Forsvaret på ein god måte.

STYRINGSSYSTEM

Økonomimodellen vår er etablert og lagd til rette for styring i både eitt- og fleirårig perspektiv. Vi har utvikla ein eigen metodikk for vinstrealisering, som gjev god oversikt over korleis vi oppfyller dei årlege krava til effektivisering. Risikostyring er integrert i mål- og resultatstyringa vår, og vi er i ferd med å endre korleis vi bruker risikovurderingar og analyse som avgjerdssøtte innanfor kjerne- og støtte-prosessane våre.

Fokus på verdiar, felles situasjonsforståing og kultur for kontinuerleg forbetring, har gjennom året bidrege til merksemd og styrking av verksemdsstyringa. Vi har nytta organisatoriske justeringar som eit strategisk verkemiddel for å leggje til rette for betre samhandling, tydelegare spesialisering og enklare styringslinjer. Gjennom ein ny struktur for EBA-planlegging har vi styrkt heilskapsperspektivet vårt, og forbetra føresetnadene for ein EBA-portefølje som er tilpassa dei økonomiske rammene våre og Forsvaret sine behov over tid. Vi jobbar systematisk med det leanbaserte Flyt-programmet vårt for å skape ein ønskt internkultur, der vi kontinuerleg jobbar med å forbetre prosessane våre. Vi forventar at dette vil auke kvaliteten på styringa og kontrollen vår, og bidra til at leveransane våre held fram å vere kostnadseffektive og med høg kvalitet.

MÅL- OG RESULTATSTYRING

Det overordna målbiletet til Forsvarsbygg ligg fast i langtidspanoden 2017–2020. Dei strategiske satsings-områda våre er knytte til kampkraft og berekraft, og inngår i styringa gjennom mål og styringsparametrar. Samanhengen mellom måloppnåing, risiko og rapportering blir kommunisert og følgd opp på ein systematisk og strukturert måte gjennom året.

I 2018 har vi sett effekt av tiltaka vi har sett i verk for å auke omsetningsevna i investeringsverksemda. Vi har jobba målretta for å løyse utfordringane, og innretta styringa av porteføljen slik at vi raskare kan tilpasse oss endra rammevilkår. Endringar i økonomiske rammer vil kunne påverke mål- og resultatoppnåinga også i åra framover. For å sikre





måloppnåing framover er det derfor viktig at vi held fram å jobbe systematisk med behovsavklaringar, kostnadsestimat og koordinering av planrammer, oppdrag og produksjonsplan.

RISIKOSTYRING OG INTERN KONTROLL

Risikostyring er eit viktig strategisk verktøy innanfor alle delar av verksemda. Den årlege modenheitsvurderinga vår viser at vi har god sjølvinnstikk og forståing for styring og kontroll, og at verksemda viser vilje til å adressere utfordringar og veiksskar. Det er også gjennomført ei modenheitsvurdering av IT-styringa som gjev eit tilsvarande inntrykk.

Vi oppdaterer risikobiletet vårt kvart tertial, slik at vi tidleg kan identifisere og skape ei felles forståing av utfordringane verksemda står overfor. I 2018 har vi starta eit større arbeid med å modernisere den heilskaplege risikostyringa vår i tråd med oppdaterte rammeverk. Vi endrar metodikk og legg til rette for auka bruk av digitale verktøy. Felles kriterium for vurdering av risiko og meir effektiv rapportering er sett i verk og gjev tydelegare styringsinformasjon i investeringsprosjekt. Vidare implementering vil vere vesentleg for effektiv oppfølging av heile prosjektporteføljen, og forbetre den overordna verksemdsstyringa vår.

Risikoen for misleg framferd er ein integrert del av risikostyringa. I 2018 har vi utvikla eit nytt verktøy som vil gjere det enklare å fange opp og vurdere risikoen for misleg framferd og setje i verk tiltak som ein del av den interne kontrollen i verksemda.

Vi nyttar i aukande grad tidlegare røynsler til å forbetre prosessane og gjennomføringsmodellane våre. Planlegging og organisering for å skaffe EBA på Garnison Porsangmoen fram mot 2025 er eit direkte resultat av røynsler frå tidlegare store prosjekt. Vi vil også bruke resultatane frå evalueringa av øvinga Trident Juncture i planlegginga og tilrettelegginga av neste store øving, Cold Response i 2020. Internrevisjonen har i den overordna fråsegna si om styring og kontroll likevel peika på at vi framleis har forbettrings-potensial når det kjem til å omsetje røynsler til organisatorisk læring på ein heilskapleg og dokumentert måte .

RIKSREVISJONEN

Forsvarsbygg fekk reint revisjonsbrev frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2017. Vi har dei tre siste åra levert rekneskap utan vesentlege feil og manglar.

INTEGRITETSBYGGING

Vi jobbar kontinuerleg med å halde ved like medvite om rolla vår som bidragsytar til Forsvaret si operative evne. Dette kjem til uttrykk gjennom strategiske satsingsområde,

verdiane våre og tydeleg intern og ekstern kommunikasjon. Verdiane våre er i 2018 tekne inn i verksemdsstyringa og har danna grunnlaget for nye leiarprinsipp.

Varslingar blir følgde opp av linjeleiinga eller internrevisjonen. Det har vore ein marginal auke i talet på varslingsaker i 2018, samanlikna med tidlegare år. Talet er framleis svært lågt sett i forhold til storleiken på organisasjonen. Vi har også i 2018 teke del i sektoren sitt nettverk for integritetsbygging, varslingar, risikostyring og internkontroll.

PORTEFØLJESTYRING

Vi har innretta organisasjonen med en investeringsportefølje og ein driftsportefølje. Innanfor investeringsverksemda har vi skilt ut porteføljestyling som eit eige fagområde, og det er oppretta eigne stillingar for oppfølging og analyse. Risikovurderingar av porteføljen og gruppering av prosjekt i større program er andre viktige tiltak. Vi er i gang med å vidareutvikle dei digitale verktøya våre, som er viktig for å auke datakvaliteten og gi betre styringsinformasjon innanfor porteføljane og på aggregert nivå.

TRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Riksrevisjonen har gjennom forvaltningsrevisjon sett fokus på objektsikring, og vi jobbar strukturert og heilskapleg saman med andre delar av forsvarssektoren for å følgje opp rapporten i tråd med Stortinget sine ambisjonar.

Vi har med suksess gjennomført den årlege konferansen om sikring av bygg, og vidarefører ambisjonen om at konferansen skal vere den største faglege arenaen i Noreg innanfor sikring av bygg og infrastruktur.

INFORMASJONSTRYGGLEIK

Styring av informasjonstryggleik inngår som ein del av styringssystemet til verksemda. Risiko- og sårbarheitsanalysar er sentrale aktivitetar for å halde ved like nødvendig konfidensialitet, integritet og tilgjenge av informasjon. Tryggleikskulturen i verksemda blir halden ved like gjennom kontinuerleg opplæring og medvitgjerjing hos leiarar og medarbeidarar. Vi har i 2018 etablert eit rammeverk for å etterleve det nye regelverket for personvern (GDPR). Arbeidet blir støtta av felles opplæring og medvitgjerjing rundt verknadene av regelverket. Sektoren samarbeider om tilrettelegging for det nye regelverket, blant anna gjennom felles personvernombod for Forsvarsmateriell og Forsvarsbygg. Ny tryggleikslov krev tilpassing av den overordna tryggleiksstyringa i verksemda. Dette vil vi implementere i 2019.

INKLUDERING I ARBEIDSLIVET

Forsvarsbygg er ei IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv), og jobbar aktivt med dei tre delmåla i IA-avtalen om å redusere sjukefråvær, auke sysselsettinga av personar med nedsett funksjonsevne og auke delen seniorar som står lenger i jobb. Gjennom dette arbeidet har vi sett i verk tiltak som også er omfatta av regjeringa sin inkluderingsdugnad for å auke sysselsettinga av personar med nedsett funksjonsevne. Vi oppfordrar kandidatar med nedsett funksjonsevne til å søkje i alle utlysingstekstar, og kandidatar med tilretteleggingsbehov har høve til å krysse av for nedsett funksjonsevne i søknadsprosessen. Vi har ein policy om at kvalifiserte kandidatar med nedsett funksjonsevne blir kalla inn til intervju. Vi har også tilpassa intervjuguiden vår, slik at vi tek opp behov for tilrettelegging som eit fast punkt i intervjuet av kandidatar.

I siste halvår av 2018 vart det ikkje rekruttert nokon kandidatar med nedsett funksjonsevne eller med hol i CV-en. Forsvarsbygg hadde i 2018 fem personar sysselsett gjennom NAV arbeidsmarknadstiltak.

DUGNAD FOR ARBEIDSLIVSKRIMINALITET

Forsvarsbygg tek ei aktiv rolle i nedkjemping av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Vi har seriøsitetskrav i kontraktane våre, som er basert på dei avtalte og tilrådde krava frå Direktoratet for forvaltning og IKT, Fellesforbundet, Byggenæringens landsforening og Kommunesektoren sin interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon i Noreg. Krava inkluderer løns- og arbeidsvilkår for tilsette og innleigde, krav til maksimalt to ledd underentreprenørar, minimum 40 prosent faglærte og 5 prosent lærlingar, medlemskap i StartBANK, rapporteringsplikt til sentralskattekontoret for utanlandssaker og godkjenning av bruk av enkeltpersonsføretak og innleige. I tillegg har vi ein samarbeidsavtale med Skatteetaten, der føremålet er å utveksle opplysningar som bidreg til at Forsvarsbygg som oppdragsgjevar har leverandørar og underleverandørar som opptre i samsvar med norsk skatte- og avgiftslovgjeving. I 2018 har vi bygd kompetanse om desse tiltaka gjennom kursing og medvitgjerjing om etablerte prosedyrar.

Forsvarsbygg har prosedyrar og verktøy for å vareta at gjeldande lover og krav blir følgde opp i anskaffings- og kontraktperioden. Vi går gjennom krav for å førebyggje arbeidslivskriminalitet på oppstartsmøte og byggjemøte med leverandørar, og hovudleverandørane våre rapporterer månadleg til oss om delen fagarbeidarar og lærlingar.

Vi gjennomfører også stikkprøvar av løns- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarar i kontraksperioden etter vurdering. I utbygginga av kampflybasen på Ørland har vi engasjert ein LO-koordinator, som har lagt til rette for at Forsvarsbygg har vareteke plikta si til å følgje med.

I løpet av året 2018 har vi henta inn og vurdert utvida skatteattest frå Skatteetaten for cirka 200 leverandørar og underleverandørar. Vi har brukt sanksjonsopningane i kontraktane for å få retta opp i avvik. Det har også vore eitt tilfelle der restansar på skattar og avgifter har vorte betalt etter kontroll av utvida skatteattest.

5

FRAMTIDSUTSIKTER





Langtidsplanen for forsvarssektoren gjeld for perioden 2017–2020. Forsvarsbygg skal etablere og forvalte sentral infrastruktur for å realisere måla i langtidsplanen. Ein avgjerande del av dette er å bidra til at ein større del av dei samla ressursane i sektoren blir brukte til operativ verksemd og å stø opp om denne. Utviklinga av Forsvarsbygg vil vere ein konsekvens av Forsvaret si struktur- og kapasitetsutvikling. Samtidig må Forsvarsbygg i åra framover arbeide kontinuerleg med forbetring og effektivisering av eigen organisasjon og oppgåveløysing for å frigjere ressursar til høgare prioriterte oppgåver i forsvarssektoren.

MÅL L1

Stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap

Eigedomar, bygningar og anlegg (EBA) er ein vesentleg innsatsfaktor som må fungere i fredstid, krise, konflikt og krig. Eigedomane og organisasjonen til Forsvarsbygg må kunne stø opp om treninga og øvingar til Forsvaret på ulike scenario. Dette inneber å halde oppe og vidareutvikle prioriterte bygg og anlegg, og inngå bilaterale avtalar med Forsvaret innan beredskapsarbeidet. I 2019 skal vi halde fram arbeidet med å planleggje neste store øving, Cold Response, i 2020.

Vi forventar eit framleis høgt aktivitetsnivå for tryggleiks-fagleg rådgjeving, prosjektering, forskning og utvikling attåt risiko- og sårbarheitsanalysar. Vi held fram det internasjonale forsøkssamarbeidet SHIELD (Super Heavy Improvised Explosive Loading Demonstration), og tek leiinga i å studere verknader av eksplosjonslaster på ulike sivile og militære konstruksjonar og materiell. Prosjektet skaper ei samarbeids-plattform mellom dei ulike nasjonane, og gjev oss høve til å sikre tilgang til forsøksdata for sivilt og militært vern.

Forsvarsbygg sine aktivitetar genererer ein stor informasjonsstraum. Informasjonstryggleiksstyring er framleis eit viktig satsingsområde. Ei av utfordringane blir å sikre ein god balanse mellom forventningar og krav om openheit og vern av informasjonen. Vi vil jobbe vidare med å tilpasse det overordna styringssystem i verksemda til ny tryggleiksslov, og implementere det nye regelverket på tvers av organisasjonen.

MÅL L2

Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporteføljen

Forsvarsbygg skal stø opp om ei berekraftig og kostnads-effektiv utvikling av Forsvaret gjennom utvikling av eigedomsporteføljen i samsvar med vedteken struktur. Forsvarssektoren er i omstilling, med auka satsing på Forsvaret si operative evne, innføring av nye materiellsystem, ny teknologi, høgare beredskap og klartider. Eigedomsporteføljen skal stø opp om verksemda til Forsvaret og bidra til kampkrafta i Forsvaret. Samtidig må strukturen vere berekraftig over tid. Dette inneber å utarbeide gode planar, gjennomføre kosteffektive investeringar og å avhende EBA som sektoren ikkje har behov for. Nye planar som genererer nye EBA-behov, dels gjennom skjerpa operative og beredskapsmessige krav, landmaktutgreiinga, alliert trening og tilrettelegging for mottak av allierte forsterkingsstyrkar, er utfordrande når det gjeld å halde oppe ein berekraftig EBA-portefølje. Det er derfor framleis nødvendig

med ein reduksjon i eigedomsporteføljen for at han skal vere berekraftig over tid. Som EBA-rådgjevar for sektoren vil vi synleggjere dette i innspel til neste langtidsperiode 2021–2025. Rammevilkåra for arealbruken i Forsvaret endrar seg også som følge av sivil utvikling på Forsvaret sine naboareal. Den strategiske dialogen med sivile planstyresmakter er derfor viktig for å vareta Forsvaret sine langsiktige arealbruksinteresser.

Det blir løyvt store summar til investeringar i eigedom, bygg og anlegg med ei klar prioritering av omstilling i forsvaret og EBA til nye materiellsystem. I tillegg er det store behov for å investere i utskifting og fornying av eksisterande bygningsmasse og infrastruktur. Dei totale investeringsrammene i planperioden er større enn nokon gong. Forsvarsbygg har i nært samarbeid med Forsvarsdepartementet og Forsvaret sett i verk tiltak for å auke investeringsproduksjonen i åra framover.

Forsvarsbygg si utbygging på Ørland er i rute. Viktige bygg, anlegg og infrastruktur vart overleverte i 2018, men framleis skjer det utbyggingar. Det er sett i verk omfattande tiltak for å redusere støykonsekvensane av Forsvaret si verksemd på Ørland, og arbeidet vil gå føre seg ei tid framover. Stortinget har vedteke å samle kampfly og dei maritime patruljefly på Evenes. Flystasjonen på Evenes skal vere Noreg sin framskote base (QRA) for dei nye kampfly F-35, hovudbase for dei maritime overvaksingsfly P-8 og luftvern. Midlar for ny-investeringar på Evenes blir behandla av Stortinget i 2019.

Forprosjektet for nye vedlikehaldsfasilitetar til dei nye ubåtane til Noreg på Haakonvern skal behandlast i Stortinget våren 2019. Landmakta med Hæren og Heimevernet skal utviklast i samsvar med Stortinget sine avgjerder i landmakt-proposisjonen. Dette inneber store EBA-investeringar, spesielt i Finnmark og Troms. Planlegging for desse EBA-investeringane starta i 2018, og vidareutvikling av Garnison Porsanger er alt i gang. Elles vil bygg og anlegg bli ferdigstilt i takt med utviklinga av landmakta fram mot 2025. Regjeringa vil også anskaffe moderne stridsvogner, og oppbygging av ein dedikert helikopterkapasitet til spesialstyrkane kan starte på Rygge. Planlegginga er i oppstartfasen, og går føre seg parallelt med at Forsvaret detaljerer strukturen i Hæren og Heimevernet. Prosjekta blir gjennomførte i perioden 2020–2025.

Luftforsvaret legg opp til forbetra luftromsovervaking, auka kampkraft og betre vern gjennom prosjekt Sensorar for militær luftromsovervaking. Prosjektet er landsdekkjande, og kan ha behov for store EBA-investeringar. Det blir stilt auka krav til vern og sikring av Forsvaret sine basar. Sektoren har derfor prioritert store ressursar, inkludert EBA til dette. I samsvar med langtidsplanen for Forsvaret skal Forsvaret avvikle verksemda ved fleire basar, (blant anna Andøya,

Bodø, Kjevik og Kjeller). Dette medfører stor avhendingsverksemd som no er under planlegging, med tilrettelegging for ny sivil bruk. Nye logistikk- og forsyningskonsept, IKT-løysingar og ny bustadpolitikk vil gje fleire høve for å effektivisere eigedomsporteføljen.

SVO-prosjekta vil ha høg prioritet i 2019 og åra framover.

MÅL L3

God forvaltning av eigedomar, bygg og anlegg som tilhøyrer forsvarssektoren

Forsvarsbygg skal sikre at EBA i Forsvarssektoren er berekraftig og kostnadseffektiv. Dette skal gjerast gjennom langsiktig verdibevarande forvaltning av eigedomsporteføljen, medrekna økonomisk verdi, bruksverdi og verneverdi. Det overordna målet med forvaltninga er at all ressursbruk skal resultere i funksjonell EBA som tilfredsstiller brukarane sine behov innanfor best mogleg totaløkonomi i forsvarssektoren. Ressursinnsatsen skal vareta lovpålagde krav for heile porteføljen og prioriterast mot bruksverdien på basar som skal vidareførast i forsvarsstrukturen.

Trass i store EBA-investeringar er det utfordringar med forsvarssektoren sin eigedomsportefølje. Tilstandsgraden har hatt ei negativ utvikling dei seinare åra. Alderen på dagens EBA gjer at vi dei neste ti åra står framfor eit stort behov for fornying. Det er derfor avgjerande å sjå innsatsfaktorar og strenge prioriteringar i samanheng for å få mest mogleg ut av pengane. Leirplanar er eit nytt verktøy som vil bidra til meir effektiv EBA-styring. Digitalisering av eigdomsinformasjon er ein føresetnad for dette.

Ein berekraftig portefølje føreset auka fokus på areal-effektivisering og auka bruksintensitet. Standardisering og nøkternheit er viktig for å redusere investeringskostnadene. Ved innføringa av ålmenn verneplikt vart behovet for tilpassing og ombygging kartlagt. For 2019 har Forsvarsbygg saman med Forsvaret prioritert å nytte midlane til Hæren, og nokre av etablisementa deira i nord. Tiltak for 2020 er under planlegging.

Vi vil i 2019 jobbe vidare med å implementere dei ti strakstiltaka i vegkart for eigedomssktoren mot 2050.

Vi er opptekne av å halde ved lag opne og tilgjengelege festningar for publikum. Dette føreset auka inntekter, og vi vil derfor leggje vekt på å utarbeide gode planar for destinasjons- og forretningsutvikling.

MÅL Ø1

Resultat i samsvar med budsjett og kostnadseffektiv drift av verksemda

Utviklinga av Forsvaret inneber store investeringar i eigedom, bygg og anlegg. For å omsetje de økonomiske rammene til infrastruktur, som bidreg til kampkraft og berekraft, er vi avhengige av eit nært og godt samarbeid med brukar og eigar. Slik vil tildelte midlar kunne utnyttast fullt ut. Ein sektor med store strukturelle endringar kan gje Forsvarsbygg utfordringar med å utnytte ressursane maksimalt det enkelte året. Forsvarsbygg vil derfor gå over til å samle prosjekt i program, der vi ser geografiske, tematiske eller tidsmessige likskapar. Dette vil setje oss betre i stand til å gjere riktige prioriteringar i planlegging og gjennomføring av prosjekt for Forsvaret.

Frå 2017 og fram mot 2020 skal vi frigjere 253,7 millionar kroner til prioriterte aktivitetar i sektoren. Effekten skal vere varig, og målkravet i langtidsperioden er innan rekkjeverd. Vi held fram arbeidet med særskilt vekt på strategisk anskaffingsarbeid, digitalisering og ytterlegare prosessforbetringar. Vurderingane våre av ytterlegare utsikter for effektivisering for neste langtidsperiode er sende over til Forsvarsdepartementet. Avgjerda frå dette arbeidet vil leggje føringer for dei komande åra. For å sikre framleis god styring og kostnadseffektiv drift, utviklar Forsvarsbygg økonomi- og styringsmodellar for å kunne finne, ta ut og dokumentere effektiviseringsvinstar.

MÅL I1

Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Forsvarsbygg jobbar vidare med å redusere dei årlege drifts- og investeringskostnadene for eigedom, bygg og anlegg. Organisasjonen vil endrast som konsekvens av både strukturavgjerder og andre endringar i behova og etterspurnaden til forsvarssektoren. Vi vil derfor kontinuerleg forbetre og effektivisere interne arbeidsprosessar i takt med desse endringane.

Ein viktig føresetnad for effektivisering er at vi maksimerer effekten av avtalane vi inngår ved kjøp av varer og tenester i den opne marknaden. Arbeidet med å kartlegge effektiviserings- og vinstpotensial ved ulike samarbeidsformer med sivile aktørar er sett i gang, og vil halde fram inn mot neste langtidsperiode 2021–2024.

Vi vil i åra framover halde fram forbetringsarbeidet i verksemda gjennom å digitalisere prosessar og leveransar, og å auke innsikta i kapasitetane i eigedomsporteføljen for å forbetre planlegginga og styringa av denne. Gjennom

samarbeidsavtalen om eit digitalt vegkart vil vi saman med resten av bygge-, anleggs og eigedomsnæringa vere med å effektivisere bransjen, når det gjeld kostnader, miljø og tid, innan 2025.

Eit viktig verkemiddel for effektivisering og omstilling i forsvarssektoren har vore etableringa av ein forvaltningsmodell med prinsipp om kostnadsdekkjande leige. Forvaltningsmodellen er meint å gje gode incentiv i styring av ressursar brukte til eigedom, bygg og anlegg. Arbeidet med å evaluere modellen er avslutta, og har resultert i handlingspunkt for vidareutvikling av modellen.



6

ÅRSREKNESKAP





Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverkt, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen og periodisert verksemdsrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

LEIINGSKOMMENTAR ÅRSREKNESKAPEN 2018

FØREMÅL

Forsvarsbygg vart oppretta i 2002 og ligg under Forsvarsdepartementet. Samfunnsoppdraget til Forsvarsbygg er planlegging, innkjøp, drift og avhending av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg (EBA) med føremål om å understøtte målsetjinga om å etablere eit forsvar for tida vi lever i. I tillegg forvaltar Forsvarsbygg militære festningar med føremål om å skape nytt liv på historisk grunn. Årsrekneskapen utgjer kapittel 6 i årsrapporten til Forsvarsbygg.

STADFESTING

Forsvarsbygg leverer rekneskap etter to finansielle rammer, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen og periodisert verksemdsrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Årsrekneskapen er levert i høve til vilkår om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet (R-115) og krav frå Forsvarsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av Forsvarsbygg sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

RESULTATDISPONERING

Forsvarsbygg har i rekneskapen for 2018 eit netto overskot ved sal av eigedom, bygg og anlegg på 517 millionar kroner. Fråtrekt negativt resultat frå drift på 215 millionar kroner, får vi eit positivt resultat på 302 millionar kroner som er overført eigar.

Totalt hadde Forsvarsbygg eit driftsresultat på 543 millionar kroner i 2018, som utgjer 7,8 prosent av den totale omsetninga. Hovuddelen av driftsresultatet gjeld inntekter knytte til sal av eigedom, bygg og anlegg der eit av dei største oppdraga i 2018 var sal av grunnarealet på Flesland flyplass der eigarskapen vart overført til Avinor i slutten av august.

VURDERING AV LØYVINGSREKNESKAPEN

Dei samla løyvingane til Forsvarsbygg til drift og investeringar i 2018 var 7 515 millionar kroner. Totalt viser driftskapittelet ei mindreutgift på 81,5 millionar kroner.

